



Siv.ing Vidar Mjøs
Fabrikkgaten 7b
5059 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1814 - 19/17992

Saksbehandlar:
Silje Haukedal
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:
12.12.2019

Byggesak gbnr 27/12 Kvalheim øvre/Fløholmen - småbåthamn - søknad om dispensasjon - trong for tilleggsdokumentasjon

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om dispensasjon 03.12.19.

Søknad om dispensasjon gjeld plankrav og byggegrense i sjø.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. plan- og bygningslova § 19-1 og byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Grunngeving for søknader om dispensasjon.
2. Dokumentasjon for nabovarsling av søknad om dispensasjon, samt eventuelle merknader frå nabo og dykkar kommentar til merknadene.
3. Målsett kart som viser plassering av tiltaket og avviket i høve byggegrense.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 10.01.20. Om informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Når ovannemnde manglar er retta kan kommunen handsame dykkar søknad om dispensasjon. Søknad om dispensasjon frå plankrav og byggegrense i sjø vert per i dag handsama politisk i Radøy kommune.

Når det gjeld søknad om rammeløyve viser kommunen til vårt brev av 26.11.19 der kommunen opplyser at sak som gjeld søknad om rammeløyve er avslutta. Om kommunen skal handsame søknad om rammeløyve må det sendast inn komplett ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Silje Haukedal
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Siv.ing Vidar Mjøs

Fabrikkgaten 7b

5059

BERGEN